



Håkon Nåmdal  
Modalen 1450  
5729 Modalen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/81 - 23/2106

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
10.08.2023

## Innvilga tilskot frå næringsfondet til landbruksføremål - traktorskjer på gbnr 82/2 Nåmdal

### Administrativt vedtak Landbruk sak nr: 001/2023

Vi syner til din søknad datert 07.02.2023 . Det er gjort slikt vedtak i saka.

### Vedtak

Modalen kommune løyver kr 12 400 i tilskot frå næringsfondet til kjøp av Dalen traktorskjer til Håkon Nåmdal GBNR 82/2.

Vilkår for utbetaling: Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av med gatte kostnader. Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon skal vera attestert av rekneskapsfører.

Utbetalinga på skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkja om utsetjing innan fristen for gjennomføring

### Saksutgreiing:

Håkon Nåmdal på GBNR 82/2 (org nr 969907224) søker om tilskot på kr 12 400 frå næringsfondet til kjøp av traktorskjer med ein kostnad på kr 62 000. Resten av investeringa skal han finansiera med eigenkapital. Han opplyser i søknaden at det er eit Dalen skjer på 2,75 meter og hydraulisk styring på skjeret, og at traktorskjeret skal brukast til brøyting rundt driftsbygningar for tilkomst ved levering av kraftfôr og henting av mjølk. Skal også brukast til skraping av grusvegar og noko brøyting for andre

Søkjær er heiltids bonde og driv mjølkeproduksjon på bruket. Saka er handsama etter delegert mynde.

### **Vurdering**

Næringsfondet er eit verkemiddel for å fremja og styrka næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. I strategisk næringsplan 2017-2021 er eit fokusområde at ein skal leggja til rette for næringar som byggjer på lokale naturressursar. Auka produksjon i landbruket er eit av fleire tiltak som er nemnd.

Kommunestyret vedtok i møte den 7.april.2011 nytt regelverk for landbruket i Modalen i ein 5 års periode. Denne har seinare vorte forlenga fram til 2021. I pkt. 1 i tilskotsreglar for landbruket i Modalen heiter det: " Frå Næringsfondet i Modalen vert det ved kjøp av nytt driftsmiddel gjeve 20 % i tilskot og 13,3 % i lån. " Pkt. 2 gjeld utskifting av driftsmiddel og har same tilskotsprosent.

Føremålet med ordninga er å leggja til rette for å styrkja landbruksdrifta i Modalen, og ordningane skal medverka til:

- Oppgradering og fornying av driftsapparat, som kan bidra til kostnadsreduksjon og betre lønnsemd.

Vedlikehald av landbruksvegane på bruket er viktig, og eit godt traktorskjær vil gjera både sommar og vintervedlikehald enklare. Tilskot til denne investeringa vil bidra til at av driftsapparatet vert oppgradert, noko som både kan letta arbeidet og gjera at ein sparar tid og pengar. Søknaden er i tråd med strategisk næringsplan og retningsliner for næringsfondet.

På bakgrunn av søknad og vurderingar gjort av administrasjon meiner rådmannen at søknaden er i samsvar med intensjonar og stettar dei krav som tilskotsordninga er retta mot. Håkon Nåmdal får innvilga eit tilskot på 20% av kostnaden avgrensa til kr 12 400,-til kjøp av nytt traktorskjær.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt landbruksjef Laila Bjørge.

Med helsing

Laila Bjørge  
landbruksjef